

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) 2021/718**

2024/EØS/28/05

**av 30. april 2021****om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011 med omsyn til namnet på  
innehavaren av godkjenninga av dimetylglysinnatriumsalt som ført tilsetningsstoff(\*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i förvarer(!), särleg artikkel 13 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneholder føresegner om godkjenning av tilsetningsstoff for bruk i før og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) Taminco BVBA har sendt inn ein søknad i samsvar med artikkel 13 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003 med framlegg om endring av namnet på innehavaren av godkjenninga i Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011<sup>(2)</sup>. Ifølge søkeren har Belgia endra lova om selskap og samanslutningar («Wetboek van Vennootschappen en Verenigingen»), noko som medfører endringar i alle belgiske einingar. Som følge av lovgevingsendringa er selskapstypen «besloten vennootschap met beperkte aansprakelijkheid» («BVBA»), som Taminco driv si verksem under, endra til «besloten vennootschap» («BV»). Selskapet held fram med å vere eit privat aksjeselskap etter belgisk lovgeving. Dette betyr at Taminco vert driven under namnet «Taminco BV» frå 1. januar 2021. Relevante data til støtte for framlegget var lagde ved søknaden.
- 3) Den framlagde endringa av godkjenningsvilkåra er av rein administrativ art og krev inga ny vurdering av det aktuelle tilsetningsstoffet. Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik har fått melding om søknaden.
- 4) For at søkeren skal kunne utnytte retten til marknadsføring under namnet Taminco BV, er det naudsynt å endre vilkåra for godkjenninga.
- 5) Gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011 bør difor endrast.
- 6) Ettersom ingen tryggleiksgrunnar tilseier at endringa av gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011, fastsett ved denne forordninga, må nyttast straks, bør det fastsetjast ein overgangsperiode, slik at eksisterande lager kan brukast opp.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og før.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Endringar av gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011**

I gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I tittelen vert «innehaver av godkjenningen: Taminco N.V.» endra til «innehaver av godkjenningen: Taminco BV».

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 151 av 3.5.2021, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 322/2021 av 10. desember 2021 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), ennå ikke kunngjort.

(<sup>1</sup>) TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

(<sup>2</sup>) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011 av 15. april 2011 om godkjenning av dimetylglysinnatriumsalt som tilsetningsstoff i förvarer for oppføringskyllinger (innehaver av godkjenningen: Taminco N.V.) (TEU L 102 av 16.4.2011, s. 6).

- 2) I den andre kolonnen i vedlegget, «Navn på innehaveren av godkjenning», vert «Taminco BVBA» endra til «Taminco BV».

*Artikkkel 2*

**Overgangstiltak**

Eksisterande lager av tilsetjingsstoffet som er i samsvar med dei føresegnene som gjaldt før ikraftsetjingsdatoen for denne forordninga, kan framleis bringast i omsetning og nyttast til dei er tømde.

*Artikkkel 3*

**Ikraftsetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel 30. april 2021.

*For Kommisjonen*

Ursula VON DER LEYEN

*President*